

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 62/82
(jfr. J. 176/81)

Aek.no. 412.5 Torsk

ENDRINGAR AV FORSKRIFTER OM REGULERING AV FISKET ETTER TORSK MED KONVENSJONELLE REISKAPAR I 1982.

Med heimel i §§ 4 og 6 i lov av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeriene jfr. kgl. res. av 17. januar 1964 har Fiskeridepartementet 15. juni 1982 fastsett:

I

I Fiskeridepartementets forskrifter av 23. desember 1981 om regulering av fisket etter torsk med konvensjonelle reiskapar i 1982 gjer ein følgjande endringar:

§ 1 tredje ledd (nytt) skal lyde:

Forbodet mot fiske etter torsk etter første ledd gjeld ikkje aust for Sværholt i Finnmark for fiske med juksa.

Noverande § 1 tredje og fjerde ledd blir § 1 fjerde og femte ledd.

§ 3 skal lyde:

Bifangstar av torsk ved fiske etter andre fiskeslag i dei periodane som er nemnde i § 1 må ikkje vere større enn 15% aust for Sværholt i Finnmark og 10% i andre kystområde, begge rekna i vekt av fangsten i kvar landing.

II

Desse forskriftene tek til å gjelde straks.

Med heimel i §§ 4 og 6 i lov av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeriene, jfr. kgl. res. av 17. januar 1964, har Fiskeridepartementet 24. juni fastsett følgjande:

I

I Fiskeridepartementets forskrifter av 23. desember 1981 om regulering av fisket etter torsk med konvensjonelle reiskapar i 1982 gjer ein følgjande endringar:

§ 1 tredje ledd skal lyde:

Forbodet mot fiske etter torsk i tida frå 2. juli til 1. august 1982 gjeld ikkje for fiske med juksa.

§ 1a (ny) skal lyde:

I området nord for 67° n.br. er det forbode å fiske etter torsk og ha reiskap ståande i sjøen frå fredag kl. 2400 til måndag kl. 0000 i tida frå 2.juli til 20.september 1982.

Helgedagsfredinga etter første ledd gjeld ikkje for fiske med juksa aust for Sværholt i tida 2.juli til 1.august 1982.

Reiskap som grunna uver ikkje kan dragast innan forbodstida etter første ledd tek til, skal dragast så snart råd er etter at verhindringa er over.

§ 2 første ledd skal lyde:

Forbodet i § 1 og § 1a gjeld og sportsfiske på søn- og helgedagar. Utan hinder av dette forbodet kan det likevel fiskast til eige konsum med stong og handsnøre. Fisket må avgrensast til dei kvanta av torsk som går med til eigen huslyd sin trong for fersk fisk i periodane nemnde i § 1 og § 1a.

§ 3 skal lyde:

Bifangstar av torsk ved fiske etter andre fiskeslag i dei periodane som er nemnde i § 1 og § 1a må ikkje vere større enn 15% aust for Sværholt i Finnmark og 10% i andre kystområde, begge rekna i vekt av fangsten i kvar landing.

II

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

Etter desse endringane har forskriftene denne ordlyden:

§ 1

Det er forbode å drive fiske etter torsk med andre reiskap enn trål eller å ha fiskereiskap ståande i sjøen for å fiske etter torsk i området nord om 62° n.br.:

- a) frå 1. til 10. januar 1982
- b) frå 2. til 18. april 1982,

og i området nord om 67° n.br.:

- c) frå 2. juli til 1. august 1982
- d) frå 10. til 31. desember 1982.

For fiske etter torsk med snurrevad gjeld forbodet under bokstav a til og med 11. januar 1982 og under bokstav b til og med 19. april 1982.

Forbodet mot fiske etter torsk i tida frå 2.juli til 1.august 1982 gjeld ikkje for fiske med juksa.

Forbodet i periodane i første og andre ledd gjeld frå kl. 0000 første dagen til kl. 2400 den dagen forbodet held opp å gjelde.

Reiskap som grunna uver ikkje kan dragast innan forbodstidene tek til, skal dragast så snart råd er etter at verhindringa er over.

§ 1a

I området nord for 67^on.br. er det forbode å fiske etter torsk og ha reiskap ståande i sjøen frå fredag kl.2400 til måndag kl.0000 i tida frå 2.juli til 20.september 1982.

Helgedagsfredinga etter første ledd gjeld ikkje for fiske med juksa aust for Sværholt i tida 2.juli til 1.august 1982.

Reiskap som grunna uver ikkje kan dragast innan forbodstida etter første ledd tek til, skal dragast så snart råd er etter at verhindringa er over.

§ 2

Forbodet i § 1 og § 1a gjeld òg sportsfiske på søn- og helgedagar. Utan hinder av dette forbodet kan det likevel fiskast til eige konsum med stong og handsnøre. Fisket må avgrensast til dei kvanta av torsk som går med til eigen huslyd sin trong for fersk fisk i periodane nemnde i § 1 og § 1a.

Fangst som nemnd i første ledd kan ikkje omsetjast eller tilverkast for sal.

Fiske med juksa-maskin vert ikkje å rekne som handsnøre etter denne paragrafen.

Medan Lofotoppsynet er sett gjeld Fiskeridepartementets forskrifter av 6. november 1974 om forbod mot alt sportsfiske på søn- og helgedagar framleis i Lofoten oppsynsområde.

§ 3

Bifangstar av torsk ved fiske etter andre fiskeslag i dei periodane som er nemnde i § 1 og § 1a må ikkje vere større enn 15% aust for Sværholt i Finnmark og 10% i andre kystområde, begge rekna i vekt av fangsten i kvar landing.

§ 4

Fiskeridirektøren kan gje forskrifter om gjennomføring og utfylling av desse forskriftene.

§ 5

Aktlause eller forsettlege brot på desse forskriftene vert straffa med bøter.

§ 6

Desse forskriftene tek til å gjelde straks.
